

## **Foreldremøte 5. klasse 18/9 2017**

22 heimar var representerte.

### 1. Innleing

Astrid fortel om flinke elevar som er positive og viser omsorg. Ho opplever at det er godt miljø i klassane A og B.

### 2. Presentasjon av Kristian Fjæreide

Kristian presenterer seg kort for foreldra. Han har foreløpig eit års permisjon frå Bergen kommune, og har no eit vikariat på Manger skule.

### 3. Ny tiltaksplan ved høgt skulefråvær

Kort gjennomgang av den nye tiltaksplanen, den ligg tilgjengeleg på Radøy kommune sine nettsider. Den er i utgangspunktet laga for å fange opp elevar som har mykje fråvær, der det kan vera hensiktsmessig å setje inn tiltak. Kommentarar frå foreldra er at fråværsgrensa kan opplevast noko streng.

Ved sjukdom/fråvær skal foreldre/føresette gje beskjed til skulen pr tlf/sms. Dersom ein elev ikkje dukkar opp på skulen innan 10 minutt etter skulestart, vert ordenselev sendt opp til sekretær for å melde i frå, og denne tek då ansvar for å kontakte heimen.

### 4. Endring i opplæringslova kapittel 9A

Det var ein kort gjennomgang av endringane i lova (Opplæringslova) som omhandlar elevane sitt skulemiljø. Det er eleven si oppleveling som står i fokus, og alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Sjå meir på eige skriv som vart utlevert, eller gå inn på Utdanningsdirektoratet sine sider.

### 5. Barnevakten.no

Barnevakten er en organisasjon som gir råd om barn og medium. Målet er at barn og unge skal kunne bruke digitale medium på ein trygg og bevisst måte. På nettsida finner du oversikt over nyttige artiklar og tilråding av film, spel, apper og program for barn og unge. Denne sida kan vere nyttig for foreldre å gå inn på for å finne råd om sosiale medium og nettvett.

Forslag frå Kristian: bør det vere eit eige foreldremøte utan lærarar der ein kan ta opp andre tema enn det kontaktlærarar er pliktige til å ta opp? Dette skal klassekontaktane ta vidare dersom det er ønske om det.

#### 6. Nasjonale prøvar

Astrid og Kristian informerer om nasjonale prøvar som elevane skal ha etter haustferien. Dei er omfattande, og kan vere krevande for elevane. I tida fram mot prøvane, øver elevane på tidlegare oppgåver for å forstå gangen i prøveforma.

Kommentarar frå foreldre: kva ligg til grunn for gjennomføringa av desse prøvane, og kva resulterer eigentleg eit evt. därleg resultat i? Får det noko konsekvens for skulane som ikkje gjer det så bra? Kan mykje øving kamuflere det eigentlege nivået?

Det har vore mange diskusjonar rundt desse prøvane, men pr no vert dei gjennomført som tidlegare. Dersom ein ønsker å ytre seg, må foreldre evt. sende brev til utdanningsdirektoratet og stille spørsmål ved denne prøveforma og hensikta med den.

#### 7. Vekeplanar

«Nytt» format, det er det same for storskulen som for ungdomsskulen.

#### 8. Delings/samlingstimar

Dette ser ut til å fungere fint, og elevane ser ut til å trivast.

#### 9. Foreldretiltak

Det skal vere to foreldretiltak i løpet av kvart skuleår, eit om hausten og eit om våren. Det er klassekontaktane i lag med kontaktlærarar som set dato for desse samlingane. Astrid informerer om at klassen vann nokre pengar i forbindelse med ein hoppetaukonkurranse, og desse pengane kan kanskje brukast til dette.

#### 10. Anna

Er det behov for eit eige foreldremøte der ein snakkar om sosiale medium og kva apper barna har/bruiker? Klassekontaktane skal undersøkje om det er behov for det.

Jannicke Helland

Klassekontakt